

## Talemålet i Tunhovd

Sjølv om Tunhovd administrativt høyrer til Nore og Uvdal kommune, er språket i bygda meir som talemålet i Hallingdal. Grunnen er at det bl.a. var hallingar som opprinneleg busette seg i bygda.

På 1890 talet vart det bygd kjerreveg mellom Nes og Tunhovd. I 1916 kom dei første bilane. Det var i samband med bygginga av Tunhovddammen.

Det vil si at all kontakt utanfor bygda gjekk til Nes: Post, telefon, lege, dyrlege, tannlege, apotek og handel for å nemne noko. Først i 1956 vart det bilveg til Nore (Øygardsgrend). Før den tida var det nok ikkje mange tunhovdingar som hadde vore i moderkommunen.

Det kan og nevnt at etter krigen gikk det faste ruter til Nes. Mandag og laurdag tre gonger om dagen. Dei andre dagane i veka gjekk det ei rute i tillegg til postruta som også tok reisande.

I dag er talemålet i bygda jamna mykje ut. Dei gamle orda er borte. Språket er meir normalisert, men ikkje meir enn at me blir tekne som hallinga når me er ute og reiser.

Av og til kan det vera vanskeleg å forstå kvifor eit ord er endra. Til dømes har ordet «støl», som dei seier i Hallingdal, i Tunhovd endra seg til «seter», sjølv om setrane i bygda heiter Myrestølen, Sørestøl, Hyttestølen, Storestølen og Halgrimstølen m.fl.

At språket endrar seg er normalt. Det har det alltid gjort. Berre at det i dag går raskare enn før. Det spelar sjølsagt inn at det er bokmål i skulen. Media er stort sett på bokmål, både TV og i aviser, bøker og blad. Folk reiser meir enn dei gjorde før. Dei fleste ungane i barnehagen snakkar no bokmål, sjølv om foreldre snakkar dialekt. Det er og naturleg at når det er mange innflytterar, vil det påvirke språket. I dag er det nærare 40% av dei som bur her, som kjem utanfrå. Dei aller fleste kjem fordi dei finn ektemaken sin her.

Viser ellers til artikkelen eg skreiv i Bygdehistoria for Nore og Uvdal bind II, side 441 – 455.

Lidvard Hytta